

MEFISTOFELES  
Det er vel best å vende.

MARTHE  
*kjenn.*

Ja, det er seint, min herre.

FAUST  
Får eg følge henne?

MARGARETE  
Å nei, da ville mor – Far vell!

FAUST  
Så eg må dra?  
Far vell!

MARTHE

Adjø!

MARGARETE  
Kom snart tilbake, da!

*Faust og Mefistofeles ut.*

MARGARETE  
Du store min! Alt det ein mann  
har tenkt og tenkt! At det går an!  
Aldeles skamfull står eg der  
og seier Ja i hytt og vår.

Eg kjenner meg så ynkeleg,  
kva kan den mannen sjå i meg? *Ut.*

## Skog og grotte

FAUST  
*alene.*

Å, høge ånd, du gav meg alt eg bad om,  
du gav meg alt. Og ikkje utan grunn  
let du ditt flammesån lyse mot meg.  
Naturens fagre kongerike gav du meg,  
og styrke til å famne den – med glød,  
men ikkje berre som ein undren gjest:  
du let meg skode inn i løynde rom,  
som om naturen var eit venneljartra.  
Du leier alt som lever, fram i rad,  
og lærer meg å kjenne mine søsken  
i stille busk og krat, i luft og vatn.  
Når ville stormar brusar gjennom skog  
og får ei kjempefuru til å falle,  
som med eit kvin riv med seg andre tre,  
så bakken knakar av det dumpe faller,  
da fører du meg til den trygge grotte.  
Mitt eige indre syner du meg der,  
og løynde, djupe under opnar seg.  
Den reine månen møter auga mitt  
og mildnar alt, og ut av klippevegg  
og opp av fuktig forntids-bregneblad  
sviv sølvgrå skuggar fram og døyvret lint  
den strenge lyst i det å berre *sjå.*

Det fullkomne blir ingen mann til del,  
eg veit det nå! Du gav meg denne sæle  
som let meg kome gudars rike nær,

men òg den følgjesveinen som for lengst er blitt meg unnnverleg, om han kaldt og frekt fornedrar meg, og med eit ord gjer dine gåver om til ingenting. Han får det til å flamme vilt i meg, eg må ha alt eg ser, så sant det skin. Slik tumlar eg frå lengt til nytingslyst, og midt i nøgda skrik eg etter lengten.

MERISTOFELLES

*dunkar opp.*

Så dette var det liv De ville ha?  
I lengda keisamt, som det mestre!  
Å prøve det ei stund er vel og bra,  
men raskt gå over til det neste!

FAUST

Du øydelegg min gode dag,  
finn heller andre ting å gjere!

MERISTOFELLES

Så, så! Vi kan jo skilje lag,  
eg tenker nok du let det vere!  
Med ein som deg, så uglad, vill og vrang,  
er faktisk inga tid å miste.  
Her har ein fulle hender dagen lang!  
Kva han vil ha og ikkje ha i fang,  
ser ingen på han; den som berre visste!

FAUST

Å ja, den tonen kjenner eg!  
Han plagar meg, og eg må takke han!

MERISTOFELLES

Kva var ditt liv vel utan meg,  
din arme jordson av ein mann?  
Du er da ettertrykkelige kurert  
for alt det krimskrams fantasien spinn,  
og hadde sikkert avspasert  
om ikkje eg var vennen din.  
Her sit du som eit skrømt og kukelurer  
i holer, revner, bratte urer!  
Og som ein annan frosk du slurpar i deg rått  
frå dryppstein og frå mosedott.  
Det tidsfordrivet er vel toppen!  
Nei, få Herr Doktor ut av kroppen!

FAUST

Det gjev meg nye krefter, ser du vel,  
å vandre her i desse aude fjelli!  
Om du din djeval skjøna dette,  
da ville du misunne meg mi frygd, med rette!

MERISTOFELLES

Reint overjordisk, denne nøgda!  
Tenk, ligge her i natt og dogg, i høgda  
og famne jord og himmel, ør av lykke,  
ein oppblåst liten gud som ville dykke  
forviren ned til jordas inste kjerne,  
seks dagsverk dirrande i barm og hjerne,  
og nyre gud-veit-kva med stolte fakter,  
snart saligsøtt bli eitt med allheims makter,  
ein jordson borte vekki! – og da –  
*Med ei nyfin rørste –*  
eg seier ikkje høgt med *kuu* –  
slå til med ganske andre takter!

## FAUST

Fy skamme deg!

## MEFISTOFELLES

Det tener Dykk til ære!

Moralsk forarga er det lov å vere.

Det som for kyske sjeler er livsviktig,

bør kyske øyvro omgåst svært forsiktig!

Kort sagt, eg unner han, til sine tider

den frygd å bortforklare visse sider,

men vil han halde dette ut?

Her har du atter gått av sporet,

og går i spinn før du veit ordet,

av galskap eller angst og sut.

Men nok om det! – Din yndling sit der inne

og synest alt er nitrist der.

Ho får deg ikkje ut av minnet,

og har deg overmåte kjær.

Ein Flaum av styrlaus elskhug gav du til kjenne,

som når ein bekk flyt over, full av smelta snø.

Du auste alt ut over henne,

din eigen bekk heldt opp å flø.

Så purung, strakkar, så tung i hugen,

den store mann bør vere snar

og heller gje sitt kjærleikssvar

enn trone her i ville skogen!

Ho står ved glaset, følgjer med

når kvite skyer over byen driv;

tida fell henne lang som eit liv.

«Å, var eg vesle fuglen!» såleis ho kved

dagen lang, halve natta med.

Snart er ho rett munter, mest forknytt,

og snart er ho rød av gråt,

før pipa får ein annan låt –

forelska på nytt!

## FAUST

Slangel! Slangel!

## MEFISTOFELLES

*for seg sjølv.*

Deg skal eg nok fange!

## FAUST

Din snik! La denne fagre kvinne

i fred, og kom deg herifrå!

Til hennar ljuve lekam srår min trå,

du trur eg ravvar sanselsaus i blindel!

## MEFISTOFELLES

Kva blir det til? Ho trur du rømte bort,

det har du på ein måte gjort.

## FAUST

Om eg er borte, er eg like nær,

kan aldri gloyrme, aldri miste henne.

Ja, eg misunnner Herrens lekam der,

når hennar lipper rører lett ved denne!

## MEFISTOFELLES

Men eg misunnner Dykk ved same leite

for dette tvillingpar på rosebeite!

## FAUST

Forsvinn, din koplar!

## MEFISTOFELLES

Flott! Eg smiler når De skjenner!

Den gud som skapte mann og viv,

såg straks eit edelt yrkesliv,

og gjorde jobben sjølv, blant venner.  
I veg! Det er den reine jammer!  
De skal til kjøresten sitt kammer,  
og ikkje dom og dødi!

#### FAUST

Å, sæle himmeltrygd i hennar armar!  
Få varme seg ved mjuke barnar!  
Eg kjenner at ho er i nød.  
Må ikkje eg som flykting evig vandre?  
Ei reint uhyrleg rastaus sjel,  
ein foss som fell frå eine knausen til den andre,  
og brusar vilt mot avgrunnsdjupe gjel?  
Og der går ho med barnemjuke sansar,  
i alpehytta, i si vesle verd,  
ein avkrok av ei verd, som kranсар  
all hennar stille gjerd.  
Og eg, den gudsforlatte,  
hadde inga ro,  
greip tak i berget bratte  
og berre slo og slo:  
Eg måtte undergrave alt ho gav meg!  
Du, helheim, kravde dette offer av meg!  
Hjelp meg å korte desse spenningsider!  
La kome det som kome må!  
La hennar liv bli knust mot mitt, omsider!  
Vi to skal gå til grunne nå!

#### MERISTOFELLES

Der kom den store gløden att!  
Nå får du trøysre henne! Gål!  
Ein dåre fablar straks om dødens natt  
når ingen utveg er å sjå.  
Hald livet oppe, den som kan!

Du er da elles djevelsk nok til dagleg.  
Ein djevel som forvilar, ned med hani!  
Eg finn det rett og slett usmakleg!

## Gretchens stue

GRETCHEN

*ved røkken, aleine.*

Eg er trøyt og tung,  
mitt hjarta lid.

Eg finn inga ro  
i mi levetid.

Utan han er alt  
så dødt og kaldt,  
all verda svart  
som lysste bjart.

Mitt arme sinn  
er male sund,  
mitt hovud brenn  
kvar dag og stund.

Eg er trøyt og tung,  
mitt hjarta lid.  
Eg finn inga ro  
i mi levetid.

Eg står ved glaset  
og ser etter han.  
Eg går og leitar  
når eg kan.

Så staut han er,  
så edelt eir lag,  
dette gode smilet,  
dette sterke drag!

Han trollbind meg  
med taleflaum,  
og kysset meg  
som i ein draum!

Eg er trøyt og tung,  
mitt hjarta lid.  
Eg finn inga ro  
i mi levetid.

Det går ei bivring  
gjennom barn.  
Å, gjev eg kunne  
ta han i arm

og kysse han  
alt utan stans,  
og gå til grunne  
i kysset hans!

## Marthes hage

*Margarete · Faust*

MARGARETE

Svar ærleg, Henriki!

FAUST

Alt eg kan!

MARGARETE

Sei, korleis er det med din kristendom?

Du er ein god og kjærleg mann,  
men eg trur ikkje du er særleg from.

FAUST

Nei, la nå dette vere, snille du!

For meg kan kven som helst gå rundt og tru.  
Eg kunne gje mitt liv for deg, det skal du vite.

MARGARETE

Ja, trul! Alt anna er for litel.

FAUST

Er det?

MARGARETE

Å, om du berre ville lære  
å halde sakramenta høgt i ærel!

FAUST

Det gjer eg da.

MARGARETE

Men utan å trenge  
eit einaste eitr. Du har ikkje skrifra på lenge.  
Trur du på Gud?

FAUST

Å svare ja på dette –

kven av oss tør?

La prest og vismann stå til rette,  
til spott og spe blir den som spør  
om det.

MARGARETE

Du har inga tru, det ser eg nå.

FAUST

Du vakre, vene, ikkje misforstå!

Kven tør vel nemne

Hans namm, og femne

ein guddom?

Kven tør feie

det av, eller seie:

Eg trur ikkje på ein gudi!

Den Allheims Skapar

som held alt oppe,

held i si sterke hand

deg, meg, seg sjølv!

Ein himmel kvelver seg der oppe,

og fast som fjell ligg jorda under fot.

Og over oss stig ævestjerner,  
skodar så venleg ned til oss.

Eg ser deg inn i augo her,  
og alt det skapte  
vil fylle hug og hått,  
ein vevnad, evig løyndomsfull,  
usynleg-synleg atved deg.  
La hjarta få si fulle, rike nøgd,  
og når det fløymer over, og du står der sæl,  
kall det da kva du vil:  
Lykke! Hjarta! Kjærleik! Gud!  
Kvi skal eg nemne dette  
ved namn! Det rekk å *kjenne!*  
Namnet er røyk og blest  
kring himmel-flammeskjær.

MARGARETE

Det er vel og bra, alt det der;  
mest som å høyre ein annan prest,  
men ikkje riktig same orda.

FAUST

Kvar sjel på denne jorda  
vil nok seie det same, gamle og unge,  
kvar med si tunge.  
Da kan vel eg på min måte?

MARGARETE

Så fint du får det til å låte!  
Men gale er det nå likevel,  
for du er inga kristensjel.

FAUST

Å, barn!

MARGARETE  
Det gjer meg vondt å sjå  
kva slags personar du samlar på!

FAUST

Kvi så?

MARGARETE

Den fyren du har med deg støtt –  
eg hatar han som ingen eg før har mørt!  
Det går kaldt nedover ryggen,  
han kunne skremme sjølvaste styggen  
med det ekle oppsynet sitt.

FAUST

Ikkje bry deg, gullet mirt!

MARGARETE

Og eg som er så omgjelegeg –  
eg stivnar når han nærmar seg.  
Når eg lengtar til deg, og hjarta bankar,  
er det han som spøker i mine tankar.  
Og litt av ein luring trur eg han er!  
Gud forlate meg, gjer eg han urett der!

FAUST

Det finst jo dei som er litt rare...

MARGARETE

Men i hus med den slags? Fri og bevare!  
Kvar gong han stegar inn og blir,  
berre står han der med eit flir  
og spottar alt.  
Du ser det på han at hjarta hans er kaldt.

Det seier meg den eine tingen:  
Den mannen elsker absolutt ingen.  
Hjå deg er eg så mjuk og varm,  
eg pustar fritt innved din barm,  
men eg blir heilt forknytt av denne vennen din.

FAUST

Du vesle, vare engelen min!

MARGARETE

Det går så innpå meg,  
det kjennest som han drep min kjærleik  
og skil oss to, så snart han syner seg!  
Og be, det kan eg aldri i hans nærleik.  
Frå hjartedjupet stiger eit skrik:  
Du må da også ha det slik?

FAUST

Du har nå din antiparti!

MARGARETE

Nå må eg heim.

FAUST

Skal aldri vi

få ha ei freda stund i lag, som andre?  
Og sjel mot sjel få kvile hjå kvarandre?

MARGARETE

Å, gjev eg sov aleine nå!  
Mor søv så lett, eg slapp ikkje med skrekken  
i fall eg skruva löka frå;  
eg ville vere død på flekken  
om ho kom over oss i natt!

FAUST  
Det er da inga sak, min skatt.  
Sjå her! Tre dropar av denne flakong  
i hennar drikk om kvelden,  
så søv ho som ein stein for første gong!

MARGARETE

For di skuld gjekk eg gjennom elden!  
Det vil kje skade henne, vil det?

FAUST

Da råtde eg deg neppe til det.

MARGARETE

Når eg får sjå på deg, min venn,  
blir viljen min som voks i handa di.  
Og det er nesten ingen ting igjen  
for meg å gje, du har fått all mi tid. *Ut.*

MEHISTOFELLES

*kjem.*

Er nebbensa vekkt?

FAUST

Så du har spionert?

MEHISTOFELLES

Eg får med alt, eg veit å lytte:  
Herr Doktor regelrett katekiserer!  
Får håpe det kan bli til nytte.  
Eit jentebarn er svært så interessert  
i skilkk og bruk, og om ein mann er from ...  
Da får ho han på kroken, sinn av kristendom.



## Ved brunnen

FAUST

Ditt uhyre! Nei, ein som du  
vil aldri kunne skjøne dette  
at slik ei kjærleg sjel  
så fylt av tru  
lyt heilag-pinast for det eine rette  
om vennen går fortapt, han som ho vil så vel.

MEFISTOFELES

Så oversanseleg sanseleg kan ein sverme!  
Og leidd i band av jenta nå!

FAUST

Å, din bastard av eld og berme!

MEFISTOFELES

Og fysiognomi, det har ho greie på:  
Ho kjenner på seg at her er det maskepi,  
og blir så rar når eg står like ved,  
trur sikkert at eg er eit slags geni,  
ja, kanskje fanden, til og med. –  
Vel, nå i natt –?

FAUST

Kva skil det deg?

MEFISTOFELES

Eg har nå eingong glede av det, eg!

*Gretchen og Lieschen med vasstykke.*

LIESCHEN

Du har vel høyrte om Barbara?

GRETCHEN

Eg kjem så lite ut blant folk til tider.

LIESCHEN

Jo, veit du kva Sibylle sa:

At ho har skjemt seg ut omsider!

Den jå! Å, det var til pass!

GRETCHEN

Kvi så?

LIESCHEN

Ho er og drikk for to, slik er det nå.

GRETCHEN

Åh!

LIESCHEN

Der har ho fått seg ein på truten!  
Og slik som ho har smiska for den guten!  
Det var ei spasering,  
og dansing og traktering,  
ho briska seg med vennen sin,

og han oppvarta henne med kaker og vin.  
Ho følte seg nok frykteleg fin,  
men skamlaus nok til å gje seg over  
og ta imot diverse gåver.  
Der var ei klining i eit strekk:  
så er da også blomen vekkt!

GRETCHEN

Å, strakkar!

LIESCHEN

Du har vondt av henne, kva?  
Vi andre sat ved rokken da,  
fekk aldri lov av mor å sleppe ut,  
mens ho var saman med sin gut  
i eit portrom, i ein halvmørk gang,  
og tida fall henne aldri lang.  
I kyrkja lyt ho nå stå fram  
og gjere bot for synd og skam.

GRETCHEN

Han gifter seg med henne, så klart.

LIESCHEN

Ein dreven kar av rette sort  
finn nye beitemarkar for.  
Han er forduftal!

GRETCHEN

Dårlig gjort!

LIESCHEN  
Og får ho han, da blir det hardt:  
Riv gutra av henne krans og slør,  
skal nok vi strø hakkels for hennar dør! *Ut.*

GRETCHEN

*på beinvegen.*

Og eg som var så streng mot andre,  
var størt den første til å klandre  
ei strakkar's jente som fór ille!  
Dei verste ord var altfor mildel!  
Var synnda svartare enn svart,  
så svetta eg den etter kvart,  
og spela from og korsa meg,  
og nå sit synnda her – i meg!  
Men alt som førte meg til fall,  
var lykke gjennom eva all!

## Ved bymuren

*Eit lite rom mellom ytre og indre ringmur. I ein nisje ein Maria-biøte – Mater dolorosa – med blomerkrukker framfor.*

GRETCHEN

*set friske blomar i krukkene.*

Eg bed deg:  
Ha medynk med meg!  
Du veit kva sorg er, sjå mi nødi!

Ditt hjarta såra  
og gjennomborra:  
På krossen ser du Sonen død.

Ei bøn du sender  
med faldne hender:  
Å, Fader, hjelp oss i vår nødi!

Kven kjenner  
vel denne  
mi løynlege grua?

Alt mitt arme hjarta gøymet,  
alt det skjeltv for, alt det drøymet,  
du har sett det, einast du!

Kva veg min fot mun finne,  
så vondt, så vondt her inne,  
eg veit meg inga ro.

Mi dør den må eg stenge,  
eg græt, eg græt så lenge  
at hjarta brest i to.

Og tårene draup i krukka  
og varna mi blomejord,  
da eg i dag tidleg plukka  
buketten til Guds mor.

Skein sola i mitt kammer  
den årle morgonstund,  
sat eg i all min jammer  
på senga, utan blund.

Hjelp! Berge meg frå skam og dødi  
Eg bed deg:  
Ha medynk med meg!  
Du veit kva sorg er, sjå mi nødi!

## Natt

*Gate utanfor Gretchen's dør. Valentin, broor bennar.*

VALENTIN

Eg sat i lystig lag så tidt,  
der alle skryt av seg og sitt  
og høglydt strør ut ros og ris  
om kvinnekjønn, på mannfolkvis.  
Og lovord flaut frå fulle glas,  
i eit heidundrande kalasi!  
Sjølvsat eg sikker i mi sak  
og høyryde på i ro og mak,  
eg smilte, srrauk mitt skjegg og sa  
med det velfylte glaset i hand:  
Jo, alt de seier, er vel og bra!  
Men inga jente i dette land  
kan måle seg med søster mi,  
ho Grete, ja, det er jenta si!  
Skåll! Skåll! Kling! Klang! Ein runde tili!  
Da ropa fleire: «Han har rett,  
ho er ei perle, det har vi sett!»  
Og kvar ein skrythals sat musestill.  
Men nå? – Eg kunne fly på veggene!  
For nå er dei etter meg som klegegen!  
Dei stirer hånleg, heile gjengen,  
og brukar kjeft i same slengen!  
Eg sit som skyldtyngd der ved bordet,  
og sveitrar for det minste ordet!  
Men ta igjen med bank og banning?  
Det er og blir jo gudsens sanning!

Kva er nå dette for ein snik?  
Og *to* som fer og lurer slik!  
Viss det er han, så skal han få det!  
Eg kverkar fyren, utan nåde!

*Faust • Mefistofeles.*

FAUST

Ein liten lampe står og lysar bjart  
ut gjennom glaset der i sakristiet,  
og flimrar ganske svakt til side  
når mørket temnar etter kvart.  
Slik er eg inni! Svarte nattal!

MEFISTOFELLES

Og eg er smektrande som katta,  
som smyg seg fram og ligg på lur  
langs stigein og kjellarmur.  
Min appetitt er sunn og sterk:  
litt tjuving her, litt paring der, – gjer underverki!  
Å, gjennom alle lemmer jagar  
den herlege Walpurgisnatt!  
Nå er det berre eit par dagar  
så er det vår og vøke arti!

FAUST

Der borte ser eg ljosken frå ein skat,  
den skulle eg så gjerne harti!

MEFISTOFELLES

Snart vil du også få den glede  
å hente skattkista der nede.  
Eg såg som snarast nedi sjølv:  
Der ligg det mang ein dalar av sølv!

FAUST

Men ingen snykke, ingen ring,  
som eg kunne gje til min vesle kjærest?

MERISTOFELLES

Eg trur eg såg ein lien ting,  
eit perlekjede var det vel nærast.

FAUST

Da kan eg gå! Da er det greit!  
Å kome tomhendt er alltid så leit.

MERISTOFELLES

Litt gratis lyst, om du kan make,  
er heller ikkje å forakte! –  
Her under stjernehimlens portal  
vil eg nå gje min kunst til kjenne:  
Eg syng ei vise med moral,  
det får nok jenta til å tenne!

*Syng til stiar.*

Katrin, du tør  
strå ved hans dør  
så ung og ør,  
og midt på lyse dagen?  
Forsvinn! Forsvinn!  
Han let deg inn  
med blomekinn,  
men utan blom tilbake!

Fly bort! Fly bort!  
Alt går så fort,  
og gjort er gjort.

Du arme, vesle tingen!

Står du i brann,  
gje ingen mann  
det minste grunn  
før du har giftering!

VALENTIN

*stig fram.*  
Kven lokkar du, for pokker? Kven?

Din rottefangar! Eg skal gje deg!  
Til helvete med songaren!  
Og ta det instrumentet med deg!

MERISTOFELLES

Min stiar knakk i to! Vel, det var slutt på songen!

VALENTIN

Eg kløyver skallen denne gongen!

MERISTOFELLES

*til Faust.*  
Stå på, herr doktor! Kom igjen!  
Tett inntil meg, eg dirigerer!  
Og fram med førkosten! Ta den!  
Så gjer De utfall! Eg parerer!

VALENTIN

Parér den der!

MERISTOFELLES

Det kan eg ikkje nekte!

VALENTIN

Og den!

MERISTOFELLES

Ja visst!

VALENTIN

Ein djewel til å fekte!

Men kva er dette? Handa mi blir lami!

MERISTOFELLES

*til Faust.*

Støyr til!

Valentin

*fell.*

Ve meg!

MERISTOFELLES

Nå er den slampen tam!

Men vi må strikke før dei kjem og granskari!

Her blir det snart sperakkel, hyl og skrik!

Med politier gjer eg lett forlik,

men domsrett, det vil by på visse vanskar!

MARTHE

*i vindanga.*

Kom ut!

GRETCHEN

Heit lys! Gud hjelpe oss!

MARTHE

*som før.*

Dei kjeftar verrel! Driv og slåss!

FOLK

Her ligg det alt ein dødi!

MARTHE

*kjem ut.*

Og mordarane? Ingen spor?

GRETCHEN

*kjem ut.*

Men kven ligg der?

FOLK

Din eigen brot!

GRETCHEN

Å Gud! Sjå mi djupe nødi!

VALENTIN

Eg døyr! Mitt aller siste ord,

lett sagt, fort gjort: Eg døyr!

Hald opp med dette hylekor!

Kom, alle! Kom og høyr!

*Alle samlar seg rundt han.*

Ja, Gretchen, du er ung og yr,

eg ser at du er heilt på styr.

Så dumt du steller deg!

Eit råd det får du av din brot:

Om du absolutt må drive hor,

så gjer det skikkeleg!

GRETCHEN

Å, Gud! Å, brot min! For ein dom!

VALENTIN

Nei, hald Vårherre uranomi!  
 Det er for seint å gråte nå,  
 og alt får kome som det må.  
 Først heldt du deg med *ein* i løynd,  
 så følgjer fleire, du blir røynd,  
 og står du i med menn i fleng,  
 får heile byen deg i seng.

Når skamma eingong kjem til verda,  
 da skjier det atrom kammerdør,  
 og mulm og mørke legg eir slør  
 kring heile hovudgjerda.  
*Da* var det best å drepe henne!  
 Om nå skamma får vekse opp,  
 ho spradar rundt med naken kropp  
 og gjev seg så frekt til kjenne.  
 Ho dregst mot dagslys ilk ein mygg,  
 især når ho blir riktig stygg.

Eg ser den tida for meg alt,  
 da godtfolk vik til sides, kaldt,  
 når du, di tøs, spaserer slik,  
 som om dei såg eir pestfengd lik!  
 Å, dei vil dolke deg med blikket,  
 så hjarta mest held opp å slå!  
 Du får kje gå med gullpynt og vrikke!  
 Og tii alters kan du aldri meir gå.  
 Og aldri svinge deg i dansen  
 med blondekragen og blomekransen!  
 Nei, gøyym deg vekk i strall og låve,  
 der krøpling og tiggjar brukar å sove!  
 Om Gud vil tilgje dine sprell,  
 du er fordømt på jorda lelli!

MARTHE

De spottar òg! La Herren råde!  
 Og overgje Dykk til Hans nåde!

VALENTIN

Å, kunne eg skamslå din tørre skrott,  
 di koplar-kjerring av ein dorti!  
 Da ville sikkert Gud forlate  
 mi syndeskuld og heile hateri!

GRETCHEN

Min bror! Det er forferdeleg!

VALENTIN

Spar dine tårer, seier eg!  
 Du strakk ein dolk i bringa mi  
 da du sa frå deg æra di.  
 Eg går til Gud, eg er parat,  
 og døyr som heiderleg soldat. *Døyr.*

## Dom

*Messe, orgel og song.*

*Gretchen mellom mykje folk. Vond Ånd like bak henne.*

VOND ÅND

Så annleis alt var, Gretchen,  
da du gjekk til alters  
ennå uskuldrein,  
og frå ei gammal bønebok  
du mumla bøner,  
halvt Gud i hjarta,  
halvt barneleikar!

Gretchen!

Kva tenker du?

Kva for misgjerning

løyner du i dag?

Bed du for di mors sjel, ho som sov

seg inn i den lange pine, på grunn av deg?

Kven sitt blod på dørstokken din?

Og kjenner du kva som lever

og rører seg under hjarta,

eit førevarsel, fylt

av mørke aningar og nærvar?

GRETCHEN

Ve meg!

Å, om eg kunne bli kvitt

dei tankane som tynger meg til døde

dag og natti!

KOR

*Dies irae, dies illa*

*Solvet saecula in favilla.*

*Orgelmusikk.*

VOND ÅND

Guds vreidel!  
Basunar kling!  
Gravene skjelv!  
Og ditt hjarta  
vekkest opp  
frå ro i støv og oske  
til evig pine  
i eldi!

GRETCHEN

Hjelp! Eg vil vekki!

Det er som orgelbruset mest

ville kjøve meg,

og hjartedjuper

skjelv under songen.

KOR

*Index ergo cum sedebit,*

*Quidquid latet apererebit,*

*Nil inultum remanebit.*

GRETCHEN

Eg får kje puste!

Desse søylene

ringar meg inn!

Kvelvingen

trykker meg! – Luft!



VOND ÅND

Løyn deg! Synd og skam  
kan ikkje løynast.  
Luft? Lys?  
Ve deg!

KOR

*Quid sum miser tunc dicturus?  
Quem patronum rogaturus,  
Cum vix justus sit securus?*

VOND ÅND

Dei sæle vender  
si åsyn bort frå deg.  
Det rys i dei reine,  
å rekke deg handa.  
Ve!

KOR

*Quid sum miser tunc dicturus?*

GRETCHEN

*til ei kone ved sida av henne.*  
Fruel! Luktetflaska Dykkar!

*Ho fell i vnit.*

## Walpurgisnatt

*Blacksberg i Harz. Traktene ved Schierke og Elend.  
Faust · Mefistofeles.*

MERISTOFELLES

Eit kosteskaf, det kunne du vel trenge?  
Eg fablar om eit lystig bukkeritt.  
Det er langt fram, om vi er godt i gjenge.

FAUST

Sjålv kjenner eg meg lett til beins, og enn så lenge  
er knartekjeppen valet mitt.  
Ta snarvegen – i silk natur?  
Nei, heller krokveg gjennom dal og slette,  
og så i høge fjell som dette,  
der bekken rislar over stein og ur,  
det gjer det bryet verd å gå på tur!  
Sjå, bjørka skin av løynleg lykke!  
Sjålv grana rører våren ved.  
I våre lemmer bør det også rykke!

MERISTOFELLES

Eg merkar ingen ting til det!  
For meg kan gjerne frosten rive,  
i min kropp er det vinter utan stans.  
Den ufullkomne røde månskive  
stig nå sørgmodig med sin seine glans,  
som er så svak at ein kan risikere  
å støyte mot eit tre for kvart eit steg!  
Eit irrllys vil eg invitere!

Der ser eg eitt som brenn så lysteleg.  
Hei der, min venn! Kom hit, så sant du vågar!  
Aldeles fåfengt står du der og logar!  
Gå føre, er du snill, og lys oss fram!

LYKTEMANN

Av luter vørnad vonar eg å tvinge  
min flyktige natur, og ikkje springe  
i sikkssakk, spretten som eit lam.

MEERSTOFELBS

Aha! Du apar etter folk i staden?  
Gå strake vegen her, for faen!  
Viss ikkje, blæs eg ut ditt blafreliv!

LYKTEMANN

Når husets herre gjev sirt direktiv,  
da lyder eg og let meg bøye.  
Men hugs: i dag er dette eit forhekka fjell,  
og bed De meg å vise veg når natra fell,  
så ra det ikkje altfor nøye.

*Faust, Meistofelbs, Lyktemann i vekselsong:*

(FAUST)

I ei magisk draumestfære  
synest der som vi nå stegar.  
Før oss godt og set di ære  
i å få oss fram på vegar  
gjennom vide, aude heimar!

(LYKTEMANN)

Tre bak tre, i skuggesveimar,  
svimrande forbi dei jagar,

sjå, kor berg og blånar svagar,  
og dei lange gråfjell-nasar,  
høyr, dei snorkar så der knasar!

(FAUST)

Gjennom juvet bekken rasar  
over stokk og stein og stier.  
Sus og song frå kjerr og vier.  
Er det kjærleikslengt som klagar?  
Kved om farne himmeldagar?  
Alt vi elsker, alt vi vonar!  
Som ei segn frå gamle dagar  
ljomar det i bratte lier.

(MEERSTOFELBS)

Ugle, vipe, nøtteskrike,  
vaker helle fugleriket?  
Hubro-ul og pipetonar.  
Salamander kryp i krattet,  
lange, stinne, åleglatte.  
Røter slynger seg lik slangar  
ut av sanden, opp av molda,  
og med band som er fortrolla  
lökkar dei oss, skremmer, fangar:  
Små polyppar er dei trådar  
dei spyr ut så skummet frådar.  
Alle vandringsmenn dei løkkar.  
Tusenfarga museflokkar  
piler over mo og myrer!  
Sankthansormar flagrar etter,  
falske bluss i øre netter,  
og det kryr av dei, det yrer!

(FAUST)

Sei meg ein ting: Står vi stille  
eller går vi dit vi ville?  
Alt går rundt og rundt; eg meiner  
trei vrenger sine greiner,  
og det bluss vi tok til fange,  
veks og veks og blir til mange.

MEFISTOFELLES

Grip nå flikken av mi kappe!  
Du deg på ein ny etappe!  
Her frå dette mellom-fjell  
ser du Mammmons glitrevell.

FAUST

Så underleg ein glans i djupet,  
eit diint og morgonrødleg skinn!  
Og like ned i svarte stupet  
finn atterskinet vegen inn.  
Der er der tåkedis som glimer,  
her stig det røyk og einn i ring.  
Snart legg det seg i tynne strimer,  
snart er det som om kjelder spring.  
Først slynger gløden seg rett lenge  
med hundre årer over hei,  
og let seg atter samantrenge,  
så alle årer blir til *ei*.  
Og gneistar fyk for alle vindar,  
det reine regn av gyllen sand,  
som tenner på dei høge tindar,  
til heile fjellet står i brann!

MEFISTOFELLES

Full opplyst til dei store festar  
ligg Mammmons slott av gull og sølv.  
Ver glad du har fått sett det sjølv!  
Her har vi alt dei ellevillle gjestar!

FAUST

Eit stormkast slår imot meg her!  
Det treffer meg i nakken så eg ravar!

MEFISTOFELLES

Brak bergets gamle sidebein til stavar,  
for elles ber det fluksens urfor stupet der!  
Sjå, tåka ligg tett i natt!  
Høyr, det knakar i skog og kratt!  
Ugla skvertt opp lik ei høne.  
I slottet det eviggrøne  
dei høge søylene sprekk!  
Greinene knurrar og knekk!  
Stammene brakar og drønner!  
Røtene gaper og stønner!  
Hulter til bulter ligg dei der alle,  
etter det vilt kaotiske faller.  
Og vindane hylar og snøfter  
gjennom eit virvar av kløfter.  
Høyrer du at røyster talar?  
Stig frå fjell og djupe dalar?  
Ja, det syng frå berg og nut,  
her får heksar og troll rase ut!

HEKSER

*i kor.*

Vi dreg i veg med dramb og drøn,  
stubben er gul og såden grøn.

Til Bløkkberg ber det i galopp,  
herr Satan sit på høgan topp.  
På kosteskift vi susar fram,  
og stranken den er sterk og ram.

STEMME

I einsam majestet ho rid,  
Gamlemor Baubo, på purka si.

KOR

Fru Baubo gjev vi vår honnør!  
Vi følgjer henne blindt, som før!  
Eit ridestell som seier seks!  
Eit føredøme av ei heks!

STEMME

Kva veg kom så du?

STEMME

Over Ilsestein!  
Der såg eg ei ugle som sat på grein.  
Ho sperra opp augo!

STEMME

Drø pokker i vold!  
Ri sakte, ditt troll!

STEMME

Meg var det ho flådde!  
Og slik som det klådde!

HEKSER

*i kor.*  
Så lang ein veg, så vid ein veg!

Og for ein trengsel! Kosteleg!  
Ja, kostar krassa, gaffar sprakk,  
så barn vart kvelte, mødre sprakk!

TROLLMENN

*halve kor.*

Med sneglefart spaserer vi,  
mens alle kvinnfolk flyg forbi.  
For når Den Vonde viser veg,  
da slår dei oss med tusen steg.

TROLLMENN

*andre halvparten.*

Vi tar nå ikkje det så stritt:  
Eit kvinnfolk går med sjumilskritt,  
men same kor ho skundar på,  
ein mann kan bykse til og frå!

STEMME

*ovannfrå.*

Stig opp av tjernet, kom hit opp!

STEMMER

*nedanfrå.*

Vi ville gjerne til høgan topp.  
Vi vaskar og vaskar til rumpa svid,  
men ufruktbare til evig tid.

BEGGE KOR

La vinden stilne, stjerna fly!  
Ein sturen måne kverv bak sky.  
Ti tusen gneistar fyk som blad  
når heksekorret susar av stad.

STEMME  
*nedanfrå.*

Stopp der!

STEMME  
*ovanfrå.*

Kven er det som ropar frå kløftra her?

STEMME  
*nedanfrå.*

Ta meg med! Ta meg med!  
Eg kliv og kliv, tre hundre år,  
men ingen fjelltopp enn eg kjenner.  
Eg lengtar opp til slekt og venner.

BEGGE KOR

Vi rid på kost, vi rid på skaft,  
med høygaffel og bukke-kræft!  
Og den som ikkje flyg i dag,  
er evig dømd i hekseslag!

HAVVHEKS  
*nedanfrå.*

Eg trippar etter, heilt perpleks,  
ser aldri smurten av ei heks!  
Der heime har eg inga ro,  
her blir eg ståande og glo.

HEKSEKOR

Ein salve gjev oss hekses mot,  
og seglet fann vi mellom skrot.  
Det beste skipet er eit trau,  
og flyg du ikkje, er du daudi!

BEGGE KOR

Og når vi finn den høgste topp,  
så la oss lande med eit hopp,  
og sveipe over mark og hei  
med denne ville oskorei!

*Dei slår seg ned.*

MERSTOFELLES

Dei skrik og skramlar, klyp og klapprar!  
Dei renn og rutsjar, pip og plapprar!  
Det freser, sprutar, luktar brent!  
Her er dei i sitt rette element!  
Men hald deg fast! Her blir du overrent!  
Kvar er du?

FAUST

*langt borte.*

Her!

MERSTOFELLES

Var heksa alt på pletten?

Da får eg nytte husbond-retten.  
Gje plass for Junker Voland, kjære søte pakt!  
Heng på, herr doktor! Det var best om vi to strakk  
frå helle dette hekseslaget:  
Det blir jo sjålv for meg i meste laget!  
Der borte lyser det! For eit merkerdig skin!  
Eit buskas med det store draget:  
Kom! Kom, så listar vi oss inn!

FAUST

Jo takk! Her har du faktisk ført meg heilt til Blokksberg, og det er til og med Walpurgisnatt! Så vil du vi skal inn i første beste kratt, aldeles isolert! Det reine Paradoks-berg!

MEFISTOFELES

Nei, for eit festleg bål der inne! Ein klubb er det vi nå skal finne. Og kanskje ein og annan venn?

FAUST

Eg ville helst dit opp igjen! Der kvervlar røyk og eld på nytt. Mot Satan strøymet det ein bråte; der blir det løyst så mang ei gåte.

MEFISTOFELES

Og mang ei gåte vil bli knytt!  
Vi let den store verda suse,  
i stilla her er vi til huse.  
Ein tradisjon har sett sitt spor:  
å få si eiga vesle verd midt i ei stor.  
Sjå der! Småheksene med naken kropp!  
Dei gamle held på sine traser.  
Du lirer av deg eit par fraser?  
Det kostar niks, og kvikkar opp.  
Kva er det nå? Eg høyrer tonar gjalle!  
Ein venner seg vel til det hersens skrallet.  
Så kom igjen! Vi er jo alt på veg.  
Eg går inn først, og presenterer deg.  
Du vil nok takke meg for dette. –  
Kva har du nå å seie, kamerat?  
Her er jo ikkje trongbølt, akkurat!

Med hundre bål som brenn på same slette!  
Og dans og drikk og hor som tidsfordriv;  
kan nokon ønskje seg eit betre liv?

FAUST

Og du, da? Har du tenkt å skifte rolle?  
Stå fram som djevil – eller berre trolle?

MEFISTOFELES

Eg reiser rundt inkognito i alle land,  
men til den store galla ber eg ordensband.  
Nei, ikkje Hoseband og slikt,  
men *boven* vinn respekt, her er han svært godt likt!  
Der kjem ein snigel krypande, han kjenner  
på lukta kven som er her nå.  
Her har dei sine små antenner,  
det nyttar ikkje å ha maske på.  
Vi går frå bål til bål, så ser vi kva vi møter.  
Eg kuriserer vilt, du går på friarfører.  
*Til ei gruppe som sit rundt eit nesten utdøyd bål.*  
Kva gjer de, gamle herrar, langt av leia?  
I straden for å brase inn i oskoreia  
med ungdomsglød og sus og brus.  
De har da einsemd nok i eige hus.

GENERAL

All folkegunst er flås og flimmer,  
om enn du satsa alt, med liv og sjel.  
Nasjonar er som fruentimmer,  
det er og blir dei unge menn som tel.

MINISTER

Kvar vart dei gode gamle dagar av?  
Nå er det heile gått av sporet.

Dei heidra oss for alt vi gjorde,  
den gylne tida gjekk i grav.

PARVENY

Og vi var ingen dumme kre,  
vår framferd terga opp dei fleste.  
Men nå er alt og alle snudd opp-ned,  
når vi omsider leitlar etter feste.

FORFATTAR

Kven bryr seg vel om kloke ord på prent?  
Folk flest er sløve nå om dagen.  
Og vår tids kjærte ungdom er som kjent  
særdeles nasevis og uoppdragen.

MERISTOFELLES

*som brått ser eldgammal ut.*  
Det blir nok siste ferd til heksefjell,  
eg ser det går mot dommedag, det store laupet.  
Og heile verda er på hell,  
for eg har berre grums i staupet.

SKRAPHANDLARHEKS

Stans, mine herrar! Stans eit bel!  
La ikkje denne sjansen fare!  
Her finst det mang ei sjeldan vare!  
Sjå nøye etter! Gjer så vel!  
Krambua mi er utan like,  
men kvar ein ting er verd sin pris.  
For alt har skada jorderiket  
og menneska, på eikor vis.  
Kvar kniven her fekk blodet til å fløyme,  
kvar beger bar eingong eit brennheit, giftig brygg;  
i friske årer fekk det strøyme!

Kvart sverd har eingong kløyvd ein motmanns rygg  
når svikarhanda svinga det i sinne,  
kvart smykke har forført ei god og vakker kvinne.

MERISTOFELLES

De følgjer ikkje heilt med tida, tante!  
Nå er det over! Gjort er gjort!  
Finn heller nye ting å pantel!  
Da blir det handel ganske fort.

FAUST

Eg blir reint ørskan allereie!  
Litt av ein marknad, får ein sei!

MERISTOFELLES

Dei strøymer på og trur det nyttar:  
Den eine puffar først, den andre dyttar!

FAUST

Kven er det der?

MERISTOFELLES

Eit farleg tidsfordriv!

Det er Lilith.

FAUST

Kven?

MERISTOFELLES

Adams første viv.  
Pass på! Ho er ei trollheks av dei største!  
Det lange håret lokkar deg i bann.  
Og har Lilith fått kloa i ein mann,  
så slepper ho han ikkje med det første.

FAUST

Der sit det to, den gamle og den unge;  
det var da svært som dei har sprunget!

MEFISTOFELLES

I natt går dansen utan stans!  
Vi byd dei opp! Her skal det bli ein annan dans!

FAUST

*dansar med den unge beka.*

Det kom ein fager draum til meg;  
Ein apal stod så yndeleg,  
To fine eple hang i topp,  
dei lokka meg og eg kleiv opp.

DEN UNGE HEKSA

Frå første gongen Adam åt,  
har mannen vore eple-kåt.  
Eg er ei overstadig heks:  
to eple i min hage veks.

MEFISTOFELLES

*dansar med den gamle beka.*

Det kom ein ufin draum til meg;  
Eit tre med sprekk stod lysteleg.  
Det hadde eit ubyrleg høl,  
men passa bra til mine mål!

DEN GAMLE HEKSA

Eg seier berre takk og lov  
til Dykk, herr riddar Hestehov!  
Stå klar med proppen, rett og slett,  
og gjer det digre hålet terti!

BAKSTREVAR

Der er det frekkaste! Fordømte troll!  
Mens folk driv på og diskuterer  
og nektar for at ånder eksisterer,  
så trør de dansen over berg og koll!

DEN UNGE HEKSA

*dansar.*

Kva vil den fyren der på ball?

FAUST

*dansar.*

Han dukkar opp i alle fall,  
må felle dom når andre dansar.  
Det heile går i stå og stansar  
om ikkje han noterer kvart eit steg.

Så snart han ser eit framsteg, blir han utav seg,  
men når de berre svingar rundt i ringen,  
slik han gjer sjølv i tredemølla si,  
da vil han nikke nøgd og blid;  
i sær om han får lov å gje sitt skjøn på ringen.

BAKSTREVAR

Kva ser eg? Er de ennå her? Du store mini!  
Og vi som hadde opplyst verdal Forsvinn! –  
Det pakket lyder ingen lov og regel.  
Om vi er kloke, spøker det i Tegel.  
Kor lenge har eg ikkje sopa skrømtet vekk,  
men får det aldri reint! Eg trur eg sprekk!

DEN UNGE HEKSA

Så ikkje plag oss lenger! La det vere!



BAKSTREVAR

Eit sanningsord vil eg ha sagt:  
Eg toler inga form for åndemakt!  
Eg andar i ei anna åndesferel!

*Dansen heldt fram.*

Dei let seg ikkje overtyde,  
men eg drar gjerne over land og strand,  
og vonar at eg sistpå blir den mann  
som djevlepakk og diktarar må lyde.

MERISTOFELLES

Snart sit han i ein sølepytt og rugar,  
han lettar seg visst tidt og ofte sånn.  
Og medan iglene på baken driv og sugar,  
blir han kurerert for ånder – og for ånd.

*Til Faust, som er ute av dansen.*

Kvi let du denne vakre jenta fare,  
som song for deg med liv og glødt?

FAUST

Nei, huffi! Ei mus – og dertil rødt! –  
kom ut av munnen midt i rimet!

MERISTOFELLES

Ei lita mus frå eller til – kva så?  
Den var iallfall ikkje grå!  
Kven spør om den slags i ein hyrdeime?

FAUST

Da såg eg –

MERISTOFELLES

Kva?

FAUST

Mefisto, sjå, der står  
ei bleik og fager jente for seg sjølv, langt unna.  
Ho slepar seg av stad, ho går  
som om førene hennar var samanbundne.  
Og ser du kven ho liknar på?  
Mi eiga Gretchen! Eg må gå!

MERISTOFELLES

Det har du neppe godt av! Snu deg bort!  
Det er ei hildring, du blir synkvervt, reint forgjort!  
Og den slags syner har sin pris:  
Det stive blikket frys ditt blod til is!  
Ja, folk kan bli til stein iblant;  
du kjennar da Medusa, ikkje sant?

FAUST

Dei døde augo der har ingen lukka  
med kjærleg hand, og ingen lipper kyst.  
Ved denne barmen låg eg sæl og sukka,  
den ljuve lekamen var all mi lyst!

MERISTOFELLES

Du er ein lerturtur dårel! Gud og kvarmann trur  
at denne troldom er hans eiga brur!

FAUST

Å, for ein hugnad! For ei pine!  
Dei augo brenn seg fast i mine.  
Så underleg! Det ligg ei knivrynn snor  
om hennar vakre hals, eit enkelt smykke,  
men rødt som blod, ei farleg lykke.

MEFISTOFELLES

Visst ser eg det. Men tru mitt ord:  
Det hovud Persevs hogde av i harmen,  
det ber ho tidvis under armen.  
Du ser jo skrømt ved høglys dag! –  
Opp her, så blir det anna slag!  
Her går det for seg som i Prater!  
Og er det ikkje synsbedrag,  
ser eg granngiveleg teater!  
Kva spelar dei?

SERVIBILIS

Eit stryke til behag,  
det sjuande av nye varianter.  
Vi har for skikk å gje til siste slant.  
Aktørane er diletantar,  
og dikteren er dilettant.  
Orsak, men her må eg forsvinne,  
eg dilerterer å få teppet opp.

MEFISTOFELLES

Så flott at truppen er å finne  
blant Blokksbergs amatørar! Det er topp!

Walpurgisnattsdraum

eller

Oberons og Titanias gullbryllaup

*Intermezzo*

SCENEMEISTER

Endeleg ein roleg kveld  
for oss i snekkerfaget:  
Doggyvåt dal og gammalt fjell  
er scenerom for laget!

HEROLD

Gullbryllaup med pomp og prakt,  
halvhundre år å hylle.  
Er alt kiv tilbakelagt?  
Det vil eg forgylle!

OBERON

Ånder! Dans i kratt og snar,  
her er de ettertrakta!  
Kongen og hans dronning har  
fornya ektepakta.

PUCK

Her kjem Puck med lette hopp  
og dansar fram på tiler.  
Hundre andre følgjer opp,  
i natt må alle smile!